

Kursbeskrivelse «På skattejakt – om formidling i teori og praksis»:

”På skattejakt” er eit samlingsbasert kurs som går over to helgar à to dagar med prosjektoppgåve som eksamensform.

Alle har eit potensiale til å utvikle sine egne ressursar – ibuande ressursar i seg sjølv eller i sitt eige nære miljø for å gjere ”vår stad” meir interessant og attraktiv for andre. Dette betyr altså å gå på skattejakt i sine egne nære omgjevnader, finne fram til historier, spesielle fenomen i naturen eller i kulturhistoria til denne spesielle staden, garden eller bygda. Eller det kan bety å utvikle egne eigenskapar der ein sjølv kan gi ein meirverdi til staden.

Målgruppe for kurset er personar som har eit tilbod eller har planar om å nytte garden eller nærmiljøet sitt til å ta imot besøkande. Det kan vere kundar, gjester eller brukarar.

Hovudtema for kurset er teori om interpretasjon – dvs korleis gjere staden levande gjennom formidling på ulike måtar, teori om opplevingsøkonomi og om nyskaping. Det blir mykje praktiske øvingar der deltakarane får trene på å finne fram til ressursar i lokalmiljøet sitt og på formidling i praksis.

Kursleiar blir Eli-Grete Høyvik, høgskulelærer knytt til HLB. Ho har lang røynsle med dette fagfeltet samt eigen praksis gjennom å drive www.ciderhuset.no og www.balholm.no, samt undervisning og kurs – sjå www.interplan.no

Læringsmål 5 studiepoeng:

Kunnskap (kognitive) : Studentane skal ha innsikt i og forstå dei viktigaste omgrepa i teori om interpretasjon og nyskaping.

Ferdigheiter: Studentane skal etter endt kurs kunne vere i stand til å forbetre eigen formidlingspraksis.

Generell kompetanse: Studentane har auka sine evner til å sjå muligheiter til nyskaping i eiga verksemd eller eige lokalsamfunn.

Kurset vil gå over to samlingar à to dagar

1. Samling :

På første samling blir det lagt vekt på teori. Deltakarane vil få den kunnskap som må til for å løyse oppgåvene på andre samling.

2. Samling:

Deltakarane blir utfordra på praktiske oppgåver knytt til formidling og historieforteljing.

Eksamensform: Skriftleg eksamen, prosjektoppgåve.

Studiepoeng: 5

Antall studie plassar: 16

Pris på kurs: 1000,-+ reise, mat og overnatting.